

Brukarmedverknad og lokalt mobbemanifest i Lærdal

Det har skapt stort engasjement hjå fleire at Foreldrearbeidsutvalet ved Lærdalsøyri skule (FAU) valgte å ikkje signere kommunen sitt lokalt utarbeida mobbemanifest under markeringa i kommunestyremøte den 7. april. Dette engasjementet gjer gode lovnader for eit vidare fokus og arbeid for utvikling av oppvekst- og læringsmiljø i kommunen vår. Vidare synleggjer det kanhende at me som foreldre og brukarar ved Lærdalsøyri skule vert lagt merke til.

Sogn Avis nyttar heile førstesida onsdag den 13. april på arge foreldre i Flåm som saknar dialog med si kommuneleiing om viktige spørsmål som foreldra i Aurland er opptekne av. Her syner såleis også andre foreldrearbeidsutval at ein som brukarar av kommunale tenester ynskjer informasjon og dialog i viktige saker som dei er ein del av. Og at ein tek til motmæle.

Same dag er også inntatt i avisa lesarbrev frå ordføraren i Lærdal kor ein kan få inntrykk av at Lærdal kommune sitt lokale manifest mot mobbing er utarbeida frå regjeringshald. Slik er det ikkje. Det er utarbeida lokalt.

I alle sentrale skriv omkring utarbeiding av dei lokale mobbemanifesta, vert det oppfordra til at dette arbeidet vert gjort i nært samarbeid med lokale aktørar og partar. Det blir poengtert viktigheten av at barn og unge sjølv, og deira foreldre, deltek aktivt i arbeidet. Regjeringa oppfordrar samstundes til at kommunane gjer utarbeidinga av manifestet til eit "*bredt samarbeidsprosjekt i kommunen*" og at ein må ta omsyn til lokale behov og finne fram til lokale løysningar.

Lærdal kommune sitt lokale mobbemanifest har som hovudoverskrift; "*Eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø*". Vidare er opplista fire lokalt utarbeida kulepunkter som syner korleis kommuneleiinga meiner at me skal oppnå dette.

Desse punkta er utarbeida utan deltaking frå brukarane - korkje barn eller foreldre. Dog er både foreldre og elevrådet avtalepartar. Også dei tilsette i skule- og barnehagar gjennom Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Dei fleste av avtalepartnarar har altså ikkje delteke i utforminga av det me felles skal forplikta oss til lokalt i vår kommune gjennom vår signering av manifestet. Invitasjonen og mobbemanifestet vart oversendt på e-post kl 19.45 kvelden føre markeringa. Skulane vart samstundes bedt om å førebu elevrådsrepresentantane.

Er dette brukarmedverknad og eit godt utgangspunkt for eit breitt og forpliktande samarbeid kring viktige felles arbeidsområder?

Lærdal kommune er no inne i omstillingsprosessar kor ein skal redusera driftsutgiftene i den kommunale drifta med fleire millionar kroner. Det er signalisert at mellom anna skulane vil få knappare økonomiske råmer framover. Det er frå kommuneleiinga synt til at "Omstillingsprosjektet" administrativt vert ferdigstilt innan mai månad og at saka då skal ha sin vidare handsaming politisk.

Skal me i FAU - som representerer brukargruppa foreldra og som er eit lovfesta og viktig samarbeidsorgan mellom heim og skule - også i denne saka opptre som passive partar og ikkje ta til orde for kva me måtte meine om dei prioriteringar som vert føreslått gjort i høve borna sitt oppvekst- og læringsmiljø? Eller skal me tore å seie ifrå om at me som foreldre ynskjer deltaking og påverknad i det som handlar om ungane våre sin kvardag?

I motsetning til redaktøren i Sogn Avis er eg ikkje redd for at synleggjering av engasjement og likeverd - gjennom å uttrykke ynskje om reell brukarmedverknad - framstår som eit dårleg døme overfor våre barn og unge. Snarare tvert om - det er ein del av dei rettar og plikter ein har i eit moderne demokratisk samfunn.